

HPR-nummer:

**Rekvirent:**

Adresse:

Postnr./stad:

Tlf.nr.:

Evt. kopi til:

Adresse:

**Pasient :**

Fødselsnr (11 siffer):

Etternamn:

Fornamn:

Postnr.:

Kvinne     Mann     Poliklinisk     Innlagt

Prøvetakingsdato:..... Prøvetakingsklokkeslett:..... Prøvetakar:.....

**Klinisk problemstilling:**

**Analyse:**

**Quantiferon-TB (IGRA-TB)**

**Inkubering:**

Frå: Dato: \_\_\_\_\_ Klokkeslett: \_\_\_\_\_

Til: Dato: \_\_\_\_\_ Klokkeslett: \_\_\_\_\_

**Prøven er:**

Usentrifugert

Sentrifugert (prøven må oppbevarast og **transporterast kjøleg**)

Nærare informasjon: Sjå baksida.

# Quantiferon-TB (IGRA-TB)

## Prøvetaking og prøvehandtering

### Prøvetaking

- Prøven skal takast med standard venepunksjon.
- Frå kvar pasient skal det tappast blod på 4 spesialrøyr med høvesvis grå, grøn, gul og lilla kork.
- Kwart røyr skal fyllast med 1 ml blod. Feil prøvevolum kan føre til feil analyseresultat. Vakuumet i røyrret sikrar korrekt blodvolum.
  - Ved bruk av butterfly-kanyle skal det først tappast eit kasteglas for at vakuumet i prøverøyrret ikkje skal bli øydelagt av lufta i slangen.
  - Røyra trekkjer blodet relativt sakte, så lat dei få 2 – 3 sekunder ekstra på nåla etter at dei tilsynelatande er fylt opp.
  - Ein svart strek på prøverøyrret markerer korrekt fyllingsvolum.
  - Røyra kan fyllast i valfri rekkefølge.

### Prøvehandtering etter at prøven er tatt

Prøverøyrret inneheld heparin og antigen. Det er viktig at blodprøven blir blanda godt med desse komponentane.

- Rett etter at prøven er tatt, skal røyra ristast 10 gangar. Ristinga skal vera så kraftig at den innvendige overflata av røyrret er heilt dekkja av blod, men ein må unngå å rista så kraftig at gelproppen slepper taket i røyrret.
- Prøven skal inkuberast snarast mogeleg – og seinast 16 timar etter prøvetaking.
  - Dersom prøven ikkje blir inkubert med ein gang etter prøvetaking, skal den oppbevarast ståande ved 17 °C – 27 °C. Innhaldet skal også blandast på nytt (sjå ovanfor) like før den blir sett inn i inkubatoren.
  - Inkubasjonstemperatur: 37 °C
  - Inkubasjonstid: 16 – 24 timar, ståande røyr.
- Etter inkubering skal prøve som hovudregel sendast usentrifugert til Mikrobiologisk avdeling.
  - Laboratorium som kan sørgja for kjøletransport av prøven og som gjer særskilt avtale med Mikrobiologisk avdeling om det, kan sentrifugere prøven før sending.
    - » Usentrifugert prøve skal oppbevarast mellom 2 °C – 27 °C og er då haldbar i 72 timar etter avslutta inkubasjon.
    - » Sentrifugert prøve skal oppbevarast kjøleg (mellom 2 °C – 8 °C), også under transport til laboratoriet og er då haldbar i 4 veker.

### Meir informasjon

Sjå brukarhandboka til Mikrobiologisk avdeling, [www.helse-forde.no](http://www.helse-forde.no)

Instruksjonsvideo om prøvetaking og pre-analytisk handtering av prøven: <http://youtu.be/neBY4woLc6c>